

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Kommune

Org.nr. 959435375

Namn på kommune ETNE KOMMUNE

Adresse Sjoarvegen 2

Postnummer/-stad 5590 ETNE

Kontaktperson

Namn Eileen Selland

Telefon 53414832

E-post eileen.selland@etne.kommune.no

Innspel

Politisk vedtak Merk at saka kun har vore til uttale hjå Formannskapet, og skal til kommunestyret 28. oktober. Uttale frå formannskapet:
Kommunestyre vedtek å gi uttale til planprogrammet for regional plan for verdiskaping og kompetanse på dei tema som er omtalt i saksframlegget.

Utfyllende merknader Vurdering
Omstilling og konkurransekraft
Planen skal legge vekt på å utvikle nye og framtidretta verdikjeder, og at barrierar som flaskehalsar i teknologi, kompetanse og samarbeid må løysast. Økt satsing på digital infrastruktur og kompetanseheving innan digitalisering, kunstig intelligens og teknologiinnovasjon er viktige løft for å skape ny verdi i næringane.

Mange verksemdar i Etne kommune er knytt til lokal marknad, entreprenørverksemd og servicefunksjonar. Strategiar må byggje på samspel mellom regionale satsingar og lokalt næringsliv.

Etne kommune har over tid hatt ein negativ folketalsutvikling. Dette er ei utfordring både for arbeidsmarknaden, tenestetilbodet og berekrafta i lokalsamfunna. Planen bør difor vektleggje tiltak

som styrkjer tilflytting, rekruttering av arbeidskraft og integrering av nye innbyggjarar. Etne kommune sitt arbeid med tilflyttartenesta «MittEtne» er eit døme på korleis ein aktivt kan marknadsføre bu- og arbeidsmoglegheiter i mindre kommunar. Slike lokale initiativ må gjerne lyftast

inn i ein regional strategi for å snu den negative demografiske trenden som fleire distriktskommunar opplev no.

Kompetanse og inkludering

Etne kommune meiner at den regionale planen må ta utgangspunkt i at heile Vestland står i ein rask

omstilling, og at både næringsliv og offentleg sektor treng tilgang på rett kompetanse for å kunne

utvikle seg vidare. For Etne kommune er dette særleg viktig, då kommunen over tid har hatt negativ

folketalsutvikling og ein arbeidsmarknad som er sårbar for endringar.

Frivillige lag og organisasjonar er viktige arenaer for læring, inkludering og fellesskap. Dette er særleg

relevant i mindre lokalsamfunn som finst i Etne kommune, der frivillig aktivitet har stor verdi både for

integrering og for å motverke einsemd og ungt utanforskap.

Det må vere plass til alle i arbeids- og samfunnsliv, og her er samarbeid mellom offentleg sektor,

næringsliv og frivillige organisasjonar avgjerande.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Det faktiske innhaldet til den påstarta regionalplanen for verdiskaping og kompetanse kjem fyrst ved

høyring av sjølve planen. I planprogrammet er det teke opp to tema som planen skal ha fokus på, og

planen skal erstatte fleire eksisterande planar og temaplanar. Det vert føreslått at Etne kommune gir

ein høyringsuttale til planprogrammet i fyrste omgong.

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel

Filnavn

Størrelse

Saksutredning

Uttale_til_h_yring_av_planprogram_for_regional_plan_for_verdiskaping_og_kompetanse

0,54 MB

Relevante lenker